

VISJONEN VÅR

Målet vårt er eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse. Økonomien må underordne seg økologiske prinsipp og fremme fred og rettferd. Livskraftige lokal-samfunn og stor bruk av lokale ressursar må til for å nå målet.

VERDIANE VÅRE

Politikken vår dyrkar verdiane livskvalitet, nyskaping og fellesskap. Tid til kvarandre, natur og miljø, mangfald, rettferd og toleranse, trivsel og helse er verdiar vi set høgt.

PROGRAMMET VÅRT

Vi tar natur- og klimakrisa alvorleg og vil ha ei berekraftig endring. Vi ønsker eit samfunn der livskvalitet er viktigare enn forbruk.

Natur og miljø

Grønt næringsliv

Landbruk og havbruk

Livskvalitet og oppvekst

Livskvalitet, helse, og omsorg

Livskvalitet, kultur, fritid og frivillig arbeid

Nærdemokrati og grønt samfunnsutvikling

NATUR OG MILJØ

Naturen er i krise. Berre ein natur i balanse kan gi oss gode liv. Det er eit mål å overføre mest mogleg urørt natur til framtidige generasjonar.

MDG vil:

- Bevare Lonene/Brekkeløypa og Midtmarka/Flatøy-osen som i dag.
- Styrke strandsonevernet og fjordvernet.
- Ha tiltak og stønadsordningar for insektliv, spesielt bier og humler.
- Tilbakeføre trua naturtypar, vassdrag og artar.
- Opprette ei konsulentstilling for naturforvaltning.
- Etablere eit kommunalt råd for miljø og naturmangfald, med status som høyringspart i arealsaker.

GRØNT NÆRINGS LIV

Økologisk økonomi er eit nødvendig verkemiddel for å fremme berekraftig utvikling og verdiskaping. Offentleg verksemd, privat næringsliv og Nordhordland Biosfæreområde må saman skape ein berekraftig kommune og region.

MDG vil:

- Etablere eit kommunalt fond for å stimulere til grøn omstilling og innovasjon.
- Stimulere til fleirkulturelt entreprenørskap.
- At Alver nyttar lokale leveransetenester.
- At miljøomsyn skal styre innkjøpsavtalar.
- At leverandørar forpliktar seg til å ta inn lærlingar.
- Ha begrensa landvind, der det er infrastruktur frå før.
- Legge til rette for leverandørindustri for havvind.
- Vurdere oppgradering av vasskraft.
- Gjere kommunale tak til "grøne tak".
- At NGIR etablerar fabrikk for gjenvinning av plast.

LANDBRUK OG HAVBRUK

Berre ein natur i balanse kan gi god matproduksjon. Alt landbruk og havbruk må produsere trygg mat på ein berekraftig og etisk måte for dyr, natur og klima. Berre dyr og fisk som har levd gode liv kan gi etisk og god kvalitetsmat!

MDG vil:

- Fremme lokal matproduksjon, urban og økologisk landbruk og andelslandbruk.
- Ha strengare vern av matjord.
- Auka sjølvforsyning og mattryggleik.
- Oppretthalde variert kulturlandskap og utmark.
- At bønder og fiskarar kan selje frå eige bruk.
- Støtte bønder som driv med "Inn på tunet"- tenester
- Ha rådgjevartenesta "Folkebonden" for privat matauk.
- Opprette eit kommunalt Landbruksråd.
- Ha ei meir skånsam og berekraftig havbruksnæring både for fisken og for miljøet.
- At oppdrettsanlegg ikkje øydelegg villfisker og miljøet i fjordane våre.
- At oppdrettsanlegg skal ha null rømming og utslepp.
- Berre gi konsesjon til oppdrettsanlegg som produserar sjømat etter etiske og berekraftige prinsipp.

LIVSKVALITET OG OPPVEKST

Barn og unge er framtida vår, og kunnskap om samanhengar i naturen og samspelet mellom menneske og natur må styrkast i opplæringa.

Barn og unge si opplæring, tryggleik- og identitetsutvikling skjer best i nærmiljøet deira og i god kontakt med eigen nærnatur.

MDG vil:

- Freda alle skular og barnehagar dei neste fire åra.
- Ha meir uteskule, fysisk aktivitet og kreative fag.
- Bygge ny ungdomsskule på Frekhaug snarast.
- Sikre trygg skuleveg med gang- og sykkelstiar.
- Sikre godt og sunt inneklima i skular og barnehagar.
- Innføre miljøsertifisering i barnehagar og skular.
- Tilby eit gratis måltid i grunnskular og barnehagar.
- Etablere økologiske kjøkkenhagar i barnehagar og på skular, eller i samarbeid med gardsbruk.

LIVSKVALITET, HELSE OG OMSORG

Folkehelse og sunn livskvalitet er basert på berekraftige prinsipp, på eit samfunn i harmoni med naturen og med sosial deltaking, bygd på likeverd, respekt, toleranse, låg ulikskap og med rom for sosialt og kulturelt mangfald.

MDG vil:

- Prioritere naturopplevingar, fysisk aktivitet og kultur i helse- og omsorgstenesta.
- At alle som treng ekstra omsorg og praktisk hjelp skal få tilpassa hjelp heime, i omsorgsbustad eller på sjukeheim ut frå eigne ønske og behov.
- At familiar til heimebuande med særskilte behov skal få utvida tilbod om avlastning.
- At velferdsteknologi skal vere eit supplement til ikkje erstatte - omsorg, nærleik og aktivitet.
- Styrke tilrettelagte arbeidsplassar og dagsentertjenester for personar med særskilte behov.
- Arbeide for å styrke og utvide tilbodet ved Frisklivs-sentralen.
- At Alver tar sin del av ansvaret for menneske på flukt.
- At heiltidstillingar skal vera normalen.

LIVSKVALITET, KULTUR, FRITID OG FRIVILLIG ARBEID

Alver kommune har eit mangfaldig kultur- og idrettsliv, og eit sterkt frivillig lagsliv. Dette er avgjerande for folkehelse, identitet og livskvalitet, men òg for deltaking og påverknad i den nye kommunen.

MDG vil:

- Motivere og legge til rette for meir fysisk uteaktivitet for barn, unge og vaksne.
- Etablere fleire utearenaer i barnehage og skule, og større "grøne lunger" i bustadfelt.
- Stimulere kunstbruk og kunstnarar som ein ressurs i lokalsamfunnet.
- Styrke kommunalt og frivillig inkluderingsarbeid.
- Greie ut former for påskjøning av frivillig arbeid.
- Styrke det desentraliserte musikk- og kulturlivet.
- Sette av midlar til nye idretts- og kulturaktivitetar.
- Planlegge svømmehall i kombinasjon med kunstisbane sentralt og naturisbanar lokalt.
- Sette i gang Naturskuleprosjekt på Håøy.

NÆRDEMOKRATI

Alver må utvikle eit nærdemokrati der innbyggerane opplever openheit, reell påverknad, dialog, involvering og samskaping.

MDG vil:

- Utvide samarbeidet mellom innbyggerar, lag og organisasjonar, næringsliv, politikarar og administrasjon.
- Utvikle eit kommunalt apparat for å kunne nytte folks idear, visjonar, kunnskap og erfaring.
- At Alver alltid har som mål å ta uhilda og objektive avgjerder.
- Sikre et godt samarbeid mellom politikarar og administrasjon.
- Strøyme offentlege møte, og bruke sms innkalling til folkemøte og offentlege høyringar.
- Etablere eit kommunalt innvandrarråd.
- Ha tilbod om kurs i lokaldemokrati for ungdom og andre som vil engasjere seg i politikken.

GRØN SAMFUNNSUTVIKLING

Klima- og naturkrise må liggje til grunn for all samfunnsutvikling. Alver må bruke Nordbordland Biosfæreområde for å vise lokal og regional veg i ei berekraftig samfunnsutvikling der økologiske prinsipp ligg til grunn.

MDG vil:

- Utvikle sirkulærøkonomi, gjenbruk, vedlikehald og reparasjon bygd på lokal kompetanse.
- Lage ein oppdatert klima-, natur- og energiplan som skal ligge til grunn for all planlegging.
- Bruke meir økologisk, fairtrade og lokalprodusert mat på offentlege institusjonar.
- Utvikle levande og meir mangfaldige nærmiljøsentra.
- Betre kollektivtilboda for buss og båt, og auke lokale nettverk av gang- og sykkelvegar
- Slutte med eingongsplast, fase ut gummigranulat og rydde opp i plastforsøpling.
- Oppdatere beredskapsplanar.
- At Alver blir ein pådrivar for energisparing og energi-effektivisering.
- At kommunale bygg og anlegg fremmar estetikk, arkitektur og byggeskikk med rot i regional tradisjon.

***Førehandsrøysting frå
12.08 til 06.09***

**FOR MENNESKE OG MILJØ
STEM GRØN HANDLING
GODT VAL !**

**miljøpartiet
dei grøne**

Alver

Valprogram 2019 - 2023
Les meir på:
<http://alver.mdg.no>
<http://facebook.com/MDGAlver>



**NATUR KLIMA
LIVSKVALITET**



Anita Bakken 3, Leif Johnsen 1, Maya Riise 2 kandidat

STEM GRØNT !

**miljøpartiet
dei grøne**

Alver